

2016

Årsmelding Hordaland KrF



FYLKESTINGSGRUPPENS ÅRSMELDING

Fylkesvaraordfører
pal.karbo@hfk.no

*Pål
Kårbø*



INNEVERANDE FYLKESTINGSPERIODE er Pål Kårbø gruppeleiar og medlem i Fylkesutvalet. Han er også valt til varaordfører. Beate Husa er leiar i «utval for kultur, idrett og regional» (KIRU), Astrid Aarhus Byrknes er medlem i «utval for Miljø og samferdsel» (MISA) og Tor André Ljosland er medlem i «utval for opplæring og helse» (OPHE). Kristian Helland er vald til nestleiar i fylkeskommunen sitt kontrollutval.

Målet for den nye fylkestingsgruppa er å vera tydeleg på KrF sin politikk og KrF sitt program for dei komande 4 åra i Hordaland Fylkesting, og arbeida strategisk for gjennomslag i dei ulike sakene. Vi ønskjer oss også tett og god dialog med dei ulike lokallaga i Hordaland.

KrF har for denne perioden ein samarbeidsavtale med Arbeiderpartiet og Senterpartiet, med ein eigen politisk plattform. I tillegg har dei 3 partia ein budsjettavtale med SV.

Store saker i 2016 har m.a. vore arbeidet med forhandlingar rundt ein ny Vestlandsregion, uttale til nasjonal transportplan (NTP), fornying av ferjeflåten og budsjettet for 2017

Det vart på fylkestinget i mars 2016 sett ned eit forhandlingsutval på 5 personar (Pål Kårbø var med her). Tidleg på hausten vart det gjennomført 3 forhandlingssamlingar mellom fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Desse 3 fylka vart einig om ein intensjonsplan der ein søkte om samanslåing til ein ny samla Vestlandsregion. Denne planen fekk fleirtal i Sogn og Fjordane og Hordaland, men den vart diverre nedstemt i Rogaland.

Hordaland gjorde difor vedtak om også å laga ein intensjonsplan berre med Sogn og Fjordane, desse forhandlingane vart gjennomført medio januar 2017. Endeleg avgjer rundt region- og kommunereformen vert tatt av Stortinget våren 2017.

Nasjonal transportplan (NTP)

Det er mange potensielle prosjekt i Hordaland som bør inn i NTP, samstundes så er også ganske mange prosjekt med i transportetatane sitt framlegg. I samband med fylkestinget si høyring, så var det eit mål å arbeide oss saman med Bergen kommune, NHO og LO, samt Bergens Næringsråd.

Fornyng av ferjeflåten

Eit tverrpolitisk samferdselsutval og fylkesutval på slutten av førre valperiode, stilte ambisiøse miljømål inn mot nye anbod for ferjeflåten i Hordaland. Sjølv om dette medfører ein relativt stor kostnadsauke (om lag 100 mill årleg på drifta), så er resultatet så grensesprengande at Hordaland fylkeskommune i slutten av november vart tildelt Zerokonferansen sin nasjonale miljøpris. Det er også svært gledeleg og naudsynt at fleire fergestrekningar i fylket no får nytt materiell og meir miljøvenleg materiell.

Fylkeskommunen sitt budsjett for 2017

KrF-gruppa var som vanleg godt førebudd inn mot budsjettarbeidet, og budsjettforhandlingane innad i koallisjonen. Dette budsjettet vart ganske unikt då det til slutt samla støtte frå 6 parti (alle med unnatak av FrP og H).

Viktige KrF saker å nemna frå budsjettet er:

- Ny modell for sonestrukturen innan kollektiv. I dag er det 470 kollektivsoner i Hordaland, dette skal ned til 7-8 soner. Det betyr at det vert store regionale soner. Iverksetting vert i løpet av 2018.
- 2 millionar ekstra til samarbeid om helsesøster-tenesta ved dei vidaregåande skulane. Dette er viktig førebyggingsarbeid
- Utviding av ungdomskortet frå 20 år til 21 år.
- 20 millionar til vidare satsing på punktutbedring/trygge skuleveggar.
- I tillegg er det mange fleire mindre satsingar.

Leiar utval for kultur,
idrett og regional
utvikling

beate.husa@gmail.com

*Beate
Husa*




UTVAL FOR KULTUR, IDRETT og regional utvikling (KIRU) skal være pådrivar for politikutforminga innan våre saksfelt. Vi arbeider med mange ulike problemstillingar innan felta. Vi har ansvar for å gjere tildeling av økonomisk tilskot innan ei rekke områder på kultur-og idrettsfeltet. Vidare deler vi ut ulike prisar og stipend til dømes kulturarbeidarprisen, idrettsstipend og kunstnerstipend. Ein stor del av arbeidet vårt består også i å behandle og gjere vedtak i ei rekke plansaker frå kommunane. Her har KIRU vedtaksrett.

Utvalet har møte om lag ein gong i månaden, og KrF har fleirtal saman med Ap og Sp. Samarbeidet oppleves som godt og konstruktivt, og svært mange av vedtaka er samrøystes i utvalet. Dei mest krevande sakene er motsegnssaker. Der er det eit mål å kontakte KrF-politikarar i den aktuelle kommunen for å kunne drøfte og få innspel i saks i framkant av utvalshandsaminga.

Den klart viktigaste saka i løpet av eit år er budsjettet, og vi fekk viktige gjennomslag på kultur- og idrettsfeltet gjennom blant anna støtte til Fossegrimen orkester og Fyllingsdalen teater. Vidare fekk vi gjennom auka støttefunksjon for kommunane innan søknad om spelemidler og investeringstilskot til kommunar utan fleirbrukshall. Det er og viktig å merke seg at det er lagt inn ei styrking til Liv og lyst-prosjekt, ein ordning som mange kommunar opplever har generert mykje god lokal aktivitet.

Som leiar for utvalet får eg høve til å reise rundt i heile fylket på oppdrag knytt til kultur-og idrettsfeltet. Det er svært inspirerende å sjå alle dei små og store prosjekta og aktivitetane som både er i gang og kjem i gang med eit beskjedent støttebidrag frå HFK og kommune, kombinert med stor dugnadsinnsats.

Eg heier på alle lokale eldsjelar, eg veit det er mange av desse i KrF sine rekker. Ta gjerne kontakt for å drøfte ulike saker, og inviter gjerne på besøk. Eg vil bidra til å støtte opp om lokale initiativ der eg kan, og gje tips om dei stønadsordningane som fins. Gå også gjerne inn på hordaland.no/tilskot for å finne ei totaloversikt over fylket sine søkbare ordningar.



Beate Husa på Moster amfi ved "I slik ei natt"

Medlem utval for
opplæring og helse
taljosland@gmail.com

*Tor André
Ljosland*



ARET 2016 VAR PREGET av rulleringen av skolebruksplanen. Hordaland er fylket med flest videregående skoler i landet. Elevtallet er i snitt lavt når man sammenligner seg med andre fylker. Skolestrukturen er svært kostnadskrevende og KrF var sammen med resten av posisjonen tydelige på at det var behov for en mer effektiv drift. Rådmannen foreslo drastiske kutt i alle regioner. Etter forhandlinger med posisjonen, og senere deler av opposisjonen, ble det enighet om å beholde Austreim og Fitjar VGS, det blir en felles skole på Bømlø, Hjeltnes blir omgjort til produksjonsskole, mens Etne blir slått sammen med Ølen i Rogaland. I Bergen ble Bergen Maritime samlokalisert med Laksevåg vgs og den nye samlokaliserte Fagskolen i Hordaland. Det blir nye skolebygg blant annet på Stord, Sotra, Åsane, Knarvik og Askøy i løpet av langtidsplanen.

Fritt skolevalg

I samarbeidsavtalen med Ap og Sp fra før valget 2015 var vi enige om en formulering om å forbedre inntakssystemet basert på dagens inntaksmodell. Etter behandling i fylkestinget er man enige om å beholde de frie skolevalget, supplert med retten til å gå på den nærmeste skolen dersom alternativet gir urimelig lang reisevei. For KrF har dette vært en viktig seier, og man har klart å stilne kritikken fra H og Frp som forsøkte å skremme elevene med at det frie skolevalget ville bli avvirket med Ap.

Mobbeombudet

Mobbeombudet har vært i drift i halvannet år. Dette kom i stand etter press fra blant annet KrFU. Statistikken ugitt av mobbeombudet viser at ombudet har vært nødvendig. Det er fortsatt mange alvorlige mobbesaker både i skole og i lære. I budsjettet for 2017 ble det også bevilget penger til et elev- og lærlingeombud, slik at elevenes interesser skal bli godt ivaretatt.

Fraværsgrensen

Det har pågått en stor debatt knyttet til innføringen av en nasjonal fraværsgrense. Elever som har over 10% fravær får ikke faget godkjent. Det er tidlig å konkludere hvorvidt dette er en suksess, men så langt er det klart at det har vært et mindre fravær fra elevene.



Tor André Ljosland på talerstolen ved fylkestingsmøte på Terminus

Medlem utval for miljø og samferdsel

ordforar@lindas.kommune.

no

*Astrid Aa.
Byrknes*



UTVAL FOR MILJØ OG samferdsel har eit stort ansvarsområde i Hordaland fylkeskommune. Mange er opptatt av samferdsle, og innanfor dette kjem også kollektivtilbodet herunder buss, bybane, båt og ferjer. Skuleskyss utgjer også ein stor del av samferdslebudsjettet i Hordaland fylkeskommune.

Utvalet er opptatt av det overordna politikkområdet på sitt fagfelt og skal utforme mål for fylkeskommunen si verkesemd og prioritere tenestetilbodet innan dette ansvarsområdet.

MISA, som vi også kallar dette utvalet, har i 2016 hatt mange saker til handsaming. Dei fleste sakene er innan samferdsle, men også ein del saker har omhandla klima og miljø. Utvalet gjer sine sjølvstendige fråsegner innanfor saksfeltet, men kan også gjere vedtak i einskildsaker når dette er delegert til utvalet.

Trafikksikringsarbeid har stått høgt på dagsorden i MISA i 2016. Samarbeidspartia i MISA har jobba med punktutbetring og trygge skulevegar som var eit av dei viktige satsingsområda i budsjettet for 2016.

MISA har også jobba godt med ordninga « Trafikksikker kommune » konseptet. Dette arbeidet er i tett samarbeid med kommunane og trafikk-sikringsutvalet og Trygg Trafikk.

Fornyng av ferjeflåten og kollektivstrategi for Hordaland har også vore tema i MISA i 2016.

Vidare har utvalet brukt ein del tid på Klimaplanen sitt handlingsprogram, og utvalet ynskjer i sterkare grad å ha fleire klima og miljøsaker på dagsorden.

Den 9. desember 2015 vedtok Fylkestinget Klimaplanens handlingsprogram for 2016. I Paris tre dagar seinare, 12. desember 2015, vedtok alle verdas nasjonar ein ny klimaavtale. Begge vedtaka er tufta på grundig administrativt forarbeid og viktige politiske diskusjonar.

Parisavtalen sitt mål er å avgrense global oppvarming til godt under 2 grader, helst 1,5 grader. Avtalen er eit påbod om mykje sterkare satsing på effektive klimatiltak, og det hastar. Vi har ikkje noko tid å misse.

Handlingsprogram 2016 skal medverke til at vi når måla om utsleppskutt som er vedtekne i Klimaplan for Hordaland 2014-2030. I alt 34 tiltak er prioriterte ut frå relevans, effektivitet og kva styring Hordaland fylkeskommune har på dei. Vegtrafikken er viktigaste utsleppskjelde utanom kvotepliktig sektor, og tiltak på samferdselsbudsjettet er avgjerande. Halvparten av tiltaka i årets handlingsprogram er difor på temaet Areal og transport.

Eit kjenneteikn ved dei fleste tiltaka er at dei føreset samarbeid med mange ulike aktørar. Det ligg i sakas natur – skal vi nå måla om utsleppskutt må vi dra lasset saman.

Nasjonal transportplan er også eit arbeid som har hatt fokus i utvalet, og det same gjeld for det pågåande planarbeidet : Regional Transportplan (RTP).

Planprogrammet bleis vedtatt av fylkesutvalet i januar 2016. Etter planen blir planforslaget lagt ut på høyring i januar 2017, og planen skal få sitt vedtak i fylkestinget juni 2017. Her ventest mykje arbeid, harde prioriteringar og ikkje minst høgt engasjement.